



DET KONGELIGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Vaksdal kommune
Konsul Jebsensgate 16
5722 DALEKVAM

Deres ref

Vår ref

Dato

22/2600-

12. mai 2023

Statnett SF, Eviny Fornybar AS og BKK Nett AS - Motsegn på konsesjon for bygging av Dalekvam transformatorstasjon

Bakgrunn

Ved Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt vedtak av 9. november 2022 fekk Statnett SF (Statnett), Eviny Fornybar AS (Eviny) og BKK Nett AS (BKK) konsesjon til å bygge, eige og drive Dalekvam transformatorstasjon i Vaksdal kommune. Konsesjonen gjeld også endringar på dagens Dale transformatorstasjon og på kraftleidningar som i framtida skal gå inn til Dalekvam transformatorstasjon. Det blei også gitt konsesjon til nødvendige endringar av vegar og ei kai i samband med transport i anleggsperioden. Det blei samtidig gitt samtykke til ekspropriasjon, men søknaden om førehandstiltreding blei utsett til eventuelt skjønn er gjort krav på.

Vaksdal kommune har reist motsegn mot tiltaket.

NVE tok ikkje motsegna til følge og oversendte saka til departementet ved brev av 16. desember 2022. NVE gav samtidig utsett iverksetting for tiltaket fram til endeleg vedtak er fatta.

Departementet si vurdering

Vaksdal kommune har reist motsegn til søknaden og meiner tiltaket medfører vesentlege ulemper for innbyggjarane, natur- og kulturmiljø og for kommunens eiga verksemd og planlegging. Kommunen peikar på ulemper for nærliggande bustader, mangel på løysingar for mjuke trafikantar, mangel på utgreiing av konsekvensar i og rundt Daleelva, eit deponi som opptek planlagt næringsareal og mangel på dialog mellom utbyggar og kommunen.

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59
oed.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
977 161 630

Avdeling
Energi- og
vannressursavdelingen

Saksbehandler
Øystein Dalen
22 24 62 13

Etter høyringsrunden valde utbygger å sende inn ein endringssøknad for å tilpasse tiltaket til nokon av problemstillingane som kommunen er oppteken av. Kommunen trakk likevel ikkje motsegna. På bakgrunn av endringssøknaden og høyringsinnspel til den, fatta NVE eit vedtak som imøtekjem nokre av krava i motsegna. Kommunen har likevel valt å halde motsegna ved lag.

Vegar

Kommunen krev at det vert bygd eit samanhengande fortau langs heile Elvevegen. Kravet inkluderer også andre sikringstiltak for mjuke trafikantar. Kommunen krev også at det vert utarbeida ein trafikkplan som kommunen skal godkjenne, samt vilkår som sikrar fri ferdsel til påverka eigedommar for alle typar køyretøy i anleggsperioden.

NVE meiner at kommunens krav om fortauskant mellom krysset ved Hestavollen og krysset ved Sandlivegen, ikkje er relatert til behov utløyst av bygginga av Dalekvam transformatorstasjon. Dermed pålegg NVE Statnett berre å bygge fortau langs Elvevegen mellom krysset ved Dalevegen og krysset ved Hestavollen. Elles krev NVE at løysingar som tek omsyn til trafikksikkerheit og tilkomst, vert presentera i MTA-planen.

Departementet er einig med NVE i at vilkåra som vert stilt ved konsesjonen må svare til behov utløyst av tiltaket. Det er opplyst at utbygger planlegg å endre Elvevegen mellom kryss ved Dalevegen og kryss ved Hestavollen. Stykket mellom Hestavollen og kryss ved Sandlivegen vil dermed ikkje verte påverka av tiltaket slik at det utløyer behov for permanente inngrep, slik tilfellet er for resten av Elvevegen. Kravet om bygging av fortau langs heile vegstykket er etter departementet si meining ikkje direkte relatert til utbygginga. Eit slikt vilkår vil også vere med å auke kostnadane ved prosjektet. Departementet opprettheld derfor NVE sitt vedtak.

Støy

Kommunen stiller krav om at utbygger må gjere grundigare støymålingar og at ein stiller vilkår om at dette krevja også på seinare tidspunkt. NVE legg til grunn at Statnett gjennomfører dei tiltaka som er omtalt i endringssøknaden, og utbygger skal også omtale dette nærmare i MTA-planen.

Basert på utførte støymålingar så vil ingen naboar verte påverka av støyverdiar over grenseverdiane i Miljødirektoratets retningslinje med nåverande planer. Departementet viser til at tiltaket ikkje overskrid tillatne grenseverdiar for støy, og at utbygger har planlagt støydempende tiltak. Departementet vurderer det som ikkje nødvendig å utføre ytterlegare støymålingar.

Krav om vilkår for natur, kultur og miljø

Kommunen krev at matjord frå anleggsområdet skal verte handsama etter lovbundne krav. NVE synar til at tiltaket ikkje skal verte handsama etter jordlova, men at forutsetningane i jordlova ligg til grunn i NVE si vurdering etter energilova. NVE stiller også krav om at ein plan for dette skal vere ein del av MTA-planen.

Kommunen meiner at ein må sette vilkår som sikrar at Daleelva som laksevasdrag ikkje vert forringa av tiltaket og området framleis kan verte nytta som friluft- og turområde, då også som fiskeplass. NVE meiner at tilpassingar i høve til dette kan beskrivast i MTA-planen.

Kommunen stiller også krav om at utbyggar forpliktar seg til å innløyse Dalevegen 16 som er hardast råka av utbygginga. Statnett meiner at tiltaket ikkje krev at dei kjøper eller innløyser Dalevegen 16. Statnett har derfor ikkje søkt om dette.

Departementet vurderer at tiltaket med dei vilkåra som er gitt er samfunnsmessig rasjonelt. Det er opplyst i saka at det er planar om auka forbruk og produksjon i Bergensregionen. Statnett opplyser at dagens Dale transformatorstasjon er i ein dårleg tilstand med eit gammalt anlegg og gir svekka forsyningssikkerheit. Departementet meiner derfor at bygging av Dalekvam transformatorstasjon er eit viktig og nødvendig tiltak for å imøtekome behovet og å sikre straumforsyninga i transmisjonsnettlet i regionen. Departementet vektlegg at det tiltaket som er søkt på, er det beste alternativet for den vidare transformeringa i Dale, og at det vil vere meir framtidsretta enn ev. å ikkje gjennomføre det.

Ekspropriasjon

Kommunen opplyser i motsegna at dei motsett seg ekspropriasjon av Dalegarden til bruk som riggplass R11. Kommunen meiner at området er attraktivt næringsareal som vert beslaglagt og dermed kan medføre tap av potensielle inntekter frå sal av eigedommen og tap av næringsetableringar.

Det vert gjeve samtykke til ekspropriasjon av nødvendig grunn og rettigheter til bygging av elektriske anlegg etter oreigningslova § 2 første ledd nr. 19 dersom fordelane ved tiltaket utvilsamt vil vere større enn ulemene, jf. oreigningslova § 2 andre ledd.

Departementet viser til at Dalekvam transformatorstasjon er funne samfunnsmessig rasjonell og med betydeleg større fordelar enn ulemper, jf. energilova § 1-2.

Statnett opplyser at dei har forsøkt å finne alternativ til R11 på Dalegarden etter dialog med kommunen, utan å lukkast. Området er meint avsett til riggplass for mastemontering og som landingsplass for helikopter. NVE meiner at alle dei søkte riggplassane er nødvendige for gjennomføringa av tiltaket. Vidare har NVE satt krav om at riggplassar skal ha omtale i MTA-planen slik at dei kan verte endra via denne planen dersom det skulle kome fram gode alternativ i løpet av godkjeningsprosessen. Departementet er einig i NVE sine vurderingar.

Departementet finn at dei samfunnsmessige fordelane ein vinn ved etablering av anlegget tvillaust er større enn dei skadar og ulemper bygging og drift av anlegget kan innebære.

Departementet finn at grunnlaget for ekspropriasjon er til stede, jf. oreigningslova § 2 andre ledd.

Departementet minner om eittårsfristen i oreigningslova § 16 til å gjere krav på skjønn. Fristen går frå departementet si stadfesting av samtykket til ekspropriasjon i dette vedtaket.

Departementet vil ta stilling til søknad om førehandstiltreding når eventuelt skjønn er gjort krav på.

Konklusjon

Departementet har vurdert motsegna frå Vaksdal kommune, men har ikkje funne grunnlag til å gjere om NVE sitt vedtak.

Motsegna vert ikkje teke til følge. NVE sitt vedtak av 9. november 2022 vert stadfesta.

Departementet si avgjerd kan ikkje verte påklaga, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd første punktum.

Med helsing

Trond Ulven Ingvaldsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Gro Caroline Sjølie
Fagsjef

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

BKK Nett AS
Eviny Fornybar AS
Norges vassdrags- og energidirektorat
Statnett SF